



## Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS  
Hella 60  
5936 MANGER

Marius Tenden

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/47422-3

Dykkar referanse:

Vår dato:  
25.03.2019

### Svar – Avkøyrsløse – Fv. 409 – Gnr. 21 bnr. 10 – Radøy

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 20.02.2019.

Du ber om uttale i samband med søknad om deling av grunneigedom gnr. 21 bnr. 10 i Radøy kommune.

Eigedomen ligg i eit område som er avsett til *landbruk,- natur- og friluftsføremål* (LNF) jf . arealdelen av kommuneplan for Radøy.

Før søknaden vert behandla etter veglova skal tiltaket vere avklara etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Sidan søknaden om deling treng dispensasjon frå godkjent plan må du først avklare tiltaket med Radøy kommune som rett planmynde. Kommunen vurderer saka og sender den vidare på høyring til andre offentlege instansar dersom kommunen vurderer at det er aktuelt å gje dispensasjon frå plan.

Vi vil vise til nye presiseringar frå kommunal- og moderniseringsdepartementet om samordning og dispensasjon frå plan datert 10.10.2018. Statens vegvesen gjev difor ikkje førehandsuttale til saka.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER